

PRESSEMELDING...



SENTERPARTIET I SOGN OG FJORDANE

Fylkesårs møte i Senterpartiet i Sogn og Fjordane

Vedlagt frå fylkesårs møte i Senterpartiet:

- oversikt over val – nytt fylkesstyre
- seks uttalar
 - Sjukehus for framtida
 - Landbruk – ei framtidsnæring i fylket
 - Betre løns- og arbeidsvilkår i kvinneyrka
 - Sog og Fjordane med opne armar for kompetansearbeidsplassar!
 - Framtidas turisme må nytte fjordane som ressurs
 - Ei sterkare yrkesfagleg utdanning
- pressemelding om innsamla til Haiti-aksjonen Sogn og Fjordane

(Alle vala var samrøystes – også uttalane vart samrøystes vedtekne).

For meir info....

- fylkesleiar Karen Marie Hjelmeseter på telefon 9184 7736

- fylkessekretær Per Rune Vereide på telefon 977 06 884

Nytt fylkesstyre med vara og observatørar:

	2010 / 2011
Fylkesstyremedlemar:	
Fylkesleiar	Karen Marie Hjelmeseter – Sogndal (ny plass)
1. nestleiar	Einar Kjerpeseth – Bremanger *
2. nestleiar	Gunn Åmdal Mongstad – Solund *
Fylkesstudieleiar Nord – Sør kontakt	Karoline Aldis Bjerkeset – Gloppen (ny plass)
Styremedlem	Nils Myklebust – Vågsøy *
Styremedlem	Iris Loftheim – Førde (ny)
Styremedlem	Tore Bråstad – Hyllestad (opptrykk frå vara) – vald for 1 år
Stortingsrepresentant	Erling Sande – Bremanger **
Senterkvinnene	Bjørge Bergheim – Jølster **
Senterungdomen	Anita Nybø – Bremanger **
Fylkestingsgruppa	Jenny Følling – Gaular **
Varemedlemar:	
1. vara	Ola Ødegård – Stryn (attval)
2. vara	Narve Heggheim – Jølster (ny)
3. vara	Sølvi Fretheim Steig – Luster (attval)
4. vara	Heidi Merete Kjempenes – Askvoll (attval)
SK-vara	Reidun Kristiansen – Førde **
SUL-vara	Martine S. Holsæter – Årdal ** Oddne Skrede – Jølster **
FT-gruppa sin vara	Jarle Skartun – Sogndal **
Fast innkalla observatørar:	
Fylkessekretær	Per Rune Vereide – Gloppen **
Sentralstyremedlem	Liv Signe Navarsete – Lærdal **
Sentralstyremedlem	Leidulf Gloppestad – Gloppen **
Organisasjonssekretær	Irene Nesje Roset – Gloppen **
Fylkesordførar	Nils R. Sandal – Gloppen **

* - ikkje på val

* - vert ikkje valde av fylkesårsmøte

Frå

Fylkesårsmøte i Senterpartiet i Sogn og Fjordane

Til

Helse- og omsorgsdepartementet

Helse- og omsorgskomiteen på Stortinget

Helse Vest og Helse Førde

Senterpartiets Stortingsgruppe

Sogn og Fjordane fylkeskommune v/fylkesutvalet

Sjukehus for framtida

Senterpartiet i Sogn og Fjordane meiner dagens sjukehusstrid er skadeleg for fylket både på kort og lang sikt. Ein slik strid skapar unødig splid mellom kommunar, folk og regionar og gjer at innbyggjarane føler seg usikre og utrygge. Årsmøtet i Sogn og Fjordane Senterparti er uroa over utviklinga for sjukehusa i fylket, og kan ikkje godta ei utvikling som er i strid med Soria Moria II.

Forslag om nedlegging og svekking av fødeavdelingar, ambulansetenester og andre desentraliserte høgkvalitetstilbod på tvers av politisk vilje og lokal styring, syner etter vår meining at det trengs ei snarleg evaluering av føretaksmodellen og finansieringssystemet for spesialisthelsetenesta.

Senterpartiet i Sogn og Fjordane meiner:

- at vi skal ha fullverdige lokalsjukehus med akuttberedskap og fødetilbod for å sikre trygg, sikker og rask hjelp.
- at ambulansetenesta skal vere god med høge faglege krav til dei tilsette, og den skal vere tilgjengeleg i heile fylket.
- at vi skal ha ei sterkt sentralsjukehus som bidreg til å ha eit godt fagmiljø i heile fylket, og som er ei drivkraft for rekruttering og kompetanseutvikling til beste for alle sjukehusa i fylket – der alle sjukehusa dreg nytte av kvarandre sin kompetanse.
- at Helse Førde må gjennomføre ei funksjonsfordeling mellom sjukehusa som gjev eit best mogleg tilbod, og gjev eit sterkt fagmiljø ved kvart enkelt sjukehus.
- at for å oppretthalde tilbodet på sjukehusa må dei økonomiske rammevilkåra vere på plass.

Kopi til:

Senterpartiets Hovudorganisasjon

Presse og media

Uttalen vart samrøystes vedteken på Senterpartiet i Sogn og Fjordane sitt fylkesårsmøte – Skei i Jølster 5. og 6. mars 2010.

Frå

Fylkesårsmøte i Senterpartiet i Sogn og Fjordane

Til

Landbruks- og matdepartementet

Næringskomiteen på Stortinget

Senterpartiets Stortingsgruppe

Landbruk – ei framtidsnæring i fylket

Regjeringa arbeider med ei ny landbruksmelding. Eit spennande dokument der Stortinget skal bestemme kva prinsipp som skal gjelde for utforminga av framtidas landbrukspolitik. Det er avgjerande at ein får ei brei politisk semje om desse prinsippa. Næringa er heilt avhengige av forutsigbare rammevilkår, uavhengig av kva fleirtal som til ei kvar tid er på Stortinget. Senterpartiet vil vere ein aktiv pådrivar for å oppnå ei slik brei politisk semje om den komande meldinga.

Landbruket i Norge vert drive under svært ulike naturgjevne forhold. Ein må difor ha ulike verkemiddel som kan kompensere for dette. I vårt fylke er mjølk- og kjøttproduksjon ein berebjelke i landbruket. Inntektsutviklinga for bøndene på vestlandet har vore dårlegare dei siste åra enn for andre deler av landet. Denne negative utviklinga må stoppast ved å ta i bruk sterkare verkemiddel som kjem både vestlandsjordbruket og Sogn og Fjordane til gode.

Ein viktig føresetnad er at det vert etablert betre investeringsordningar som gjev bonden reell valfridom til å ta tunge investeringar når behovet for fornying i bygningsmasse eller inntektstilpassing krev det. Saman med gode ferie- og fritidsordningar vil dette vere avgjerande for om mange bønder vil ha lyst til, eller maktar å halde fram som matprodusentar. Senterpartiet vil arbeide for at den nye landbruksmeldinga skal verte ei melding som skapar ny optimisme og glød, og som skal vere med å gje gode inntektsmoglegheiter for norsk landbruk.

Kopi til:

Senterpartiets Hovudorganisasjon

Sogn og Fjordane Bondelag

Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag

Sogn og Fjordane Sau og Geit

Presse og media

Uttalen vart samrøystes vedteken på Senterpartiet i Sogn og Fjordane sitt fylkesårsmøte – Skei i Jølster 5. og 6. mars 2010.
--

Frå

Fylkesårsmøte i Senterpartiet i Sogn og Fjordane

Til

Landsorganisasjonen i Norge

Fagforbundet

Kommunenes Sentralforbund

Næringslivets Hovedorganisasjon

Bedriftsforbundet

Regjeringa v/statsminister Jens Stoltenberg

Senterpartiets Stortingsgruppe

Betre løns- og arbeidsvilkår i kvinneyrka

Vi nærmar oss eit hovudtariffoppgjer, og då er det også tid for å sjå på løns- og arbeidsvilkår i ein breiare samanheng.

Senterpartiet i Sogn og Fjordane konstaterer at løns- og arbeidsvilkåra for dei tradisjonelle kvinneyrka ikkje er gode nok til å sikre rekruttering til viktige yrke i helse- og sosialsektoren. Vi står framfor ei eldrebølgje som krev stor tilgang til kvalifisert arbeidskraft.

I tillegg til fokus på å betre løna for dei tradisjonelle kvinneyrka, meiner Senterpartiet at det er naudsynt å sjå på stillingsprosentane som mange i kvinneyrka vert tilbydde. Fleire godt kvalifiserte kvinner kjempar i dag ein kamp for å få større stillingar, og det på tross av rettar både i tariffavtalar og arbeidsmiljølov. Kvinner må og skal i dag basere seg på forsørgje seg ved eiga inntekt, og då er fulle stillingar både naudsynt og rettferdig.

Senterpartiet i Sogn og Fjordane meiner at partane som skal forhandle nye tariffavtalar må sjå at løn og stillingsstorleik i kvinneyrke er ei utfordring. Vi ser det og slik at overordna nivå må tilføre ekstra pengar, fordi med dei rammene som kommunane har i dag maktar ein ikkje eit slikt løft.

Det norske velferdssamfunnet har behov for mange nye hender i framtida, og då må rekruttering til dei "mjuke" yrka vere ei sentral oppgåve. Desse yrka må vere attraktive både med omsyn til løn – og ein stillingsstorleik som er til å leve av. Senterpartiet meiner at signala om likelønnspress frå Likelønnskommisjonen må omsetjast til handling!

Kopi til:

Senterpartiets Hovudorganisasjon

Presse og media

Uttalen vart samrøystes vedteken på Senterpartiet i Sogn og Fjordane sitt fylkesårsmøte – Skei i Jølster 5. og 6. mars 2010.
--

Frå
Fylkesårsmøte i Senterpartiet i Sogn og Fjordane

Til
Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Regjeringa v/statsminister Jens Stoltenberg
Framtidsfylket AS
Senterpartiets Stortingsgruppe

Sogn og Fjordane med opne armar for kompetansearbeidsplassar!

Sogn og Fjordane Senterparti er svært positiv til at Regjeringa har sett ned eit utval som skal finne tiltak som gjer at kompetansearbeidsplassar, både i privat og offentleg sektor, i større grad vert spreidd over heile landet.

Dette står i stor kontrast til prosessane som skjer i fylket vårt no. Eit døme er Statped Vest si avdeling på Sandane som arbeider med samansette lærevanskar. Denne avdelinga er i NOU 2009:18 føreslått nedlagt. Det betyr at 14 kompetansearbeidsplassar forsvinn frå fylket vårt. Sogn og Fjordane Senterparti meiner denne forma for sentralisering av statlege arbeidsplassar er svært uheldig.

Regionsentra og tettstadane i fylket står med opne armar, og er klare til å ta utfordringar i forhold til å løyse statlege oppgåver. For oss i Senterpartiet handlar kompetansearbeidsplassar om meir enn å berre flytte ut statlege arbeidsplassar. Sogn og Fjordane er rikt på naturressursar og har minst dei same føresetnadene for vekst og verdiskaping som resten av landet. For å utnytte desse naturressursane er det viktig å legge til rette for dei som vil realisere sine idear. I tillegg må ein få store nok fagmiljø til at desse kan bygge vidare på seg sjølv. Kombinasjonen av dei private kompetansearbeidsplassane, og nye utflytta statlege arbeidsplassar, vil vere viktig for å rekruttere høgt utdanna arbeidskraft.

Senterpartiet registrerer med stor glede at folketalsutviklinga i fylket vårt har fått ein ny og positiv utvikling. Den siste tida har ein mellom anna erfart at rekrutteringsmesser i dei store byane myldrar av ungdom frå Sogn og Fjordane, som gjerne har lyst til å flytte heim. Viljen til å ta heile landet i bruk er hos ungdommen, lat oss dra nytte av dette.

Kopi til:
Senterpartiets Hovudorganisasjon
Presse og media

Uttalen vart samrøystes vedteken på Senterpartiet i Sogn og Fjordane sitt fylkesårsmøte – Skei i Jølster 5. og 6. mars 2010.
--

Frå

Fylkesårsmøte i Senterpartiet i Sogn og Fjordane

Til

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Samferdsledepartementet v/statsråd Magnhild Meltveit Kleppa

Senterpartiets Stortingsgruppe

Framtidas turisme må nytte fjordane som ressurs!

Reiseliv er ei stor næring med moglegheiter for vekst. Sogn og Fjordane må satse på opplevingar om vi skal kunne konkurrere i framtida. Turistferjene er ei viktig brikke i eit heilskapleg reiselivstilbod i verdas vakraste fylke. Eksempel på tilbod som no står i fare for å forsvinne er strekninga på Fjærlandsfjorden, og Kaupanger – Lærdal – Gudvangen.

Fjordane på Vestlandet, spesielt Sognefjorden, har gjennom generasjonar vore trekkplaster for turistar frå inn- og utland. Etter at nye vegar har avløyst ferjetrafikk på fleire strekningar, må det tenkjast nytt om korleis aktiviteten knytt til fjordane kan oppretthaldast og skape grunnlag for aktivitet og næringsutvikling.

Ferjestrekningane vurderast inn som del av konseptet Nasjonale Turistvegar, og eventuelle investeringar knytt til auka opplevingar må kunne dekkast av Nasjonale Turistvegar sitt budsjett. Desse spektakulære ferjestrekningane vil binde saman turistvegane på ein god måte og gje grunnlag for rundturar i heile fylket.

Senterpartiet meiner fylkeskommunen må sikre at det kjem på plass eit forutsigbart tilbod i framtida. Ein av utfordringane i dag er at det er fleire aktørar som driv berre i hovudsesongen, og ikkje har ansvar for skuldersesongane. Ei anbudsutlysning av viktige ferje- og båtruter i turist- og reiselivssamanheng kan vere ei løysing for å kunne oppretthalde ein skuldersesong – og for å gje aktørane størst mogleg lønsemd. På kort sikt kan det også vere aktuelt å organisere båt- og ferjetilbodet som eit spleiselag mellom lokale, regionale og sentrale aktørar.

Sogn og Fjordane Senterparti ber fylkeskommunen, som regional utviklar, setje seg i førarsetet for å finne løysingar som sikrar at den turistretta båt- og ferjetrafikken framleis kan vere ein ressurs for reiselivsutvikling i fylket.

Kopi til:

Senterpartiets Hovudorganisasjon

Fjord1

Presse og media

Uttalen vart samrøystes vedteken på Senterpartiet i Sogn og Fjordane sitt fylkesårsmøte – Skei i Jølster 5. og 6. mars 2010.
--

Frå
Fylkesårsmøte i Senterpartiet i Sogn og Fjordane

Til
Kunnskapsdepartementet v/statsråde Kristin Halvorsen
Senterpartiets Stortingsgruppe

Ei sterkare yrkesfagleg utdanning!

Sogn og Fjordane Senterparti er uroa over det høge fråfallet i den vidaregåande skulen – spesielt er fråfallet på yrkesfaglege linjer stort. Ei løysing er å gjere dei teoretiske faga meir praktisk retta, og inkludere ungdomsskuletrinnet slik at det vert lettare å i tidleg alder finne sin karriereveg.

Spesialiseringa i arbeidsmarknaden er større i dag enn nokon gong, og utviklinga er heilt i tråd med eit stadig sterkare kunnskapssamfunn. Difor er det urovekkjande at mange av dei som startar i den vidaregåande skulen verken kjem til å fullføre yrkesretta eller teoretisk vidaregåande opplæring innan fem år. Når desse fell utanfor det vidaregåande løpet, får dei særst avgrensa yrkesmoglegheit på lenger sikt.

Arbeidslivet har behov for alle typar kompetanse, og difor er det viktig at dei teoretiske faga ikkje hindrar til dømes framtidige tømrrarar og elektrikarar i å gjere det dei kan best – nemleg å drive yrka sine. Sogn og Fjordane Senterparti meiner at teoretiske fag er viktige, men at ei meir praktisk innretting av teorifaga gjer elevane til sterkare yrkesutøvarar, samt at fråfallet i den vidaregåande skulen vert lågare.

Kopi til:
Senterpartiets Hovudorganisasjon
Presse og media

Uttalen vart samrøystes vedteken på Senterpartiet i Sogn og Fjordane sitt fylkesårsmøte – Skei i Jølster 5. og 6. mars 2010.
--

PRESSEMELDING...



SENTERPARTIET I SOGN OG FJORDANE

Senterpartiet i Sogn og Fjordane støttar Haiti-aksjonen Sogn og Fjordane.

På Senterpartiets fylkesårsmøte vart det samla inn i overkant av kr 10 200,- til Haiti-aksjonen Sogn og Fjordane.

Initiativtakar til aksjonen – Børre Tystad – vart invitert til årsmøte for å orientere om prosjektet. Etter hans orientering sirkulerte "innsamlingsbøssa" i salen. Fylkesleiar Karen Marie Hjelmeseter seier det er tradisjon på årsmøte i Senterpartiet at ein samlar inn pengar til eit internasjonalt formål. Eg er svært godt nøgd med resultatet - som er ny rekord for desse innsamlingane. Det er viktig for Senterpartiet i Sogn og Fjordane å støtte opp om slike prosjekt, og eg føler meg heilt trygg på at midlane kjem fram og vert nytta i det store arbeidet som trengst på Haiti seier Hjelmeseter.

Hjelmeseter er også imponert over det arbeidet Anne Lene Lillegraven og Børre Tystad har fått til med Haiti-aksjon Sogn og Fjordane. Her i landet har vi både moglegheiter og ressursar, og det er fantastisk flott at nokon tek initiativ til slike aksjonar avsluttar Hjelmeseter.